



FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND

FOS

RETNINGSLINER FOS



Oppdatert 24.06.2016

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E-post:	Nettstad:
Postboks 40	53748091	53748001	32400887550	jan.enerstvedt@sveio.kommune.no	www.fos-sunnh.no
5559 Sveio	95919091				

1.1 ORGANISASJON:

Medlemmer i Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) er følgjande kommunar:

- Bømlo
- Etne
- Fitjar
- Kvinnherad
- Stord
- Sveio

Samarbeidet i FOS er organisert som ein prosjektorganisasjon med ei styringsgruppe og 3 undergrupper – sjå meir informasjon nedanfor.

1.2 BAKGRUNN/HISTORIKK:

Forum for oppvekst i Sunnhordland har eksistert sidan tidleg på 1990 talet, men med ulike namn og med ulike målgrupper og ikkje minst med ulik grad av organisering og struktur. Då skuledirektøren i Hordaland (Utdanningsdirektøren) på slutten av 80-talet tok initiativ til i å dela fylket inn i kursregionar for m.a. å skulera skulesjefar og skuleleiarar, blei samarbeidet slik vi kjenner det i dag meir formalisert. Den omfattande kursinga hadde utgangspunkt i statlege leiarprogram som LUIS, LIS m.fl. På mange måtar kan ein samanlikna denne skuleringa med rektorskulen. Samarbeidet med Stord lærarskule -seinare Høgskulen Stord/Haugesund var sentral frå starten i kompetansehevinga alt den gongen.

Vår region heitte i starten *Sunnhordland kursregion*, og styreleiar samt sekretærrolla gjekk på omgang mellom kommunane. Kursregionen utvida oppgåvene etter kvart, ikkje minst grunna dei mange læreplanreformene og stadig aukande behov for kompetanseheving. Det blei lagt opp til felles kursdagar og lærarane fekk reisa rundt om i Sunnhordland på etterutdanningskurs samt nokre nettverk. Aktivitetane fekk støtte frå Skuledirektøren – det same galdt kursregionen. På slutten av 90-talet skifta vår region namn til *Forum for Oppvekst i Sunnhordland* og målgruppa blei utvida og til å gjelda barnehagesektoren. Frå august 2000 blei Jan Enerstvedt engasjert som sekretær i 60% for 2 år. Etter dei 2 åra blei styringsgruppa (skulesjefane i regionen) einige om å prolongera engasjementet sidan ein meinte at det var ein fordel med kontinuitet i stillinga. Etter kvart som aktivitetar og målgrupper auka, var det behov for auke i sekretærressursen samt at sekretæren fekk auka mynde innanfor dei samla økonomiske rammene ein hadde til disposisjon. Pr i dag har sekretær/dagleg leiar 80% stilling.

1.3 FØREMÅL:

Samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til å styrka kommunen sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren.

1.4 STRATEGIAR:

- Tydeleg leiarskap som tar opp dagsaktuelle og framtidretta tema
- Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
- Tett kontakt med UH sektoren og våre samarbeidspartnarar.
- Aktivitetar og tiltak i alle undergrupper skal vera godt forankra i medlemskommunane.
- Årleg evaluering av utvalde satsingsområde samt nokre kurs og nettverk.

1.5 STYRINGSGRUPPA

Samansetjing: Ein fast representant frå leiargruppa i kvar kommune med ansvar for oppvekstområdet. Styringsgruppa sine medlemmer har ikkje varafolk.

Oppgåver: Styringsgruppa skal ha det overordna ansvaret for all verksemd i FOS og samordna det dei andre gruppene arbeider med. Herunder ligg og økonomisk ansvar for verksemda. Styringsgruppa kan oppretta nye undergrupper ved behov. Alle nye ad-hoc grupper eller nettverk skal godkjennast av Styringsgruppa.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E-post:	Nettstad:
Postboks 40 5559 Sveio	53748091 95919091	53748001	32400887550	jan.enerstvedt@sveio.kommune.no	www.fos-sunnh.no

Leiing: Leiarfunksjonen i Styringsgruppa skal rullerast med 2 års funksjonstid.

Leiing av FOS skiftar slik mellom kommunane:

Kvinnherad-Stord-Bømlo-Sveio-Fitjar-Etne.

Leiar/nestleiar representerer FOS i AU hos Fylkesmannen si Utdanningsavdeling. Leiar/nestleiar representerer og regionen i andre samarbeidsfora.

1.6 GRUNNSKULEGRUPPA

Samansetjing: Skulefagleg rådgivar frå kvar kommune. Grunnskulegruppa sine medlemmer har ikkje varafolk

Oppgåver: Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning og vidareutdanning innanfor grunnskule og vaksenopplæring . Grunnskulegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

Leiing: Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

1.7 BARNEHAGEGRUPPA

Samansetjing: Barnehagefagleg rådgivar frå kvar kommune. Barnehagegruppa sine medlemmer har ikkje varafolk

Oppgåver: Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor barnehagesektoren. Barnehagegruppa skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

Leiing: Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

1.8 LEIARFORUM PPT

Samansetjing: PP-leiar frå kvar av medlemskommunane. PP-gruppa sine medlemmer har ikkje varafolk.

Oppgåver: Gruppa skal kartleggja trong for, ta initiativ til, samt arrangera kurs og etterutdanning innanfor sine område i kommunane. Leiarforum PPT skal og på oppdrag eller etter avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

Leiing: Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år om gangen.

1.9 KULTURSKULEGRUPPA

Samansetjing: Kulturskulerektor frå kvar kommune. Kulturskulegruppa sine medlemmar har ikkje varafolk.

Oppgåver: Gruppa skal kartlegge trong for, ta initiativ til, samt arrangere kurs innanfor kulturskulesektoren. Kulturskulegruppa skal og på oppdrag eller avtale med Styringsgruppa stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak samt koma med innspel på nye tiltak.

Leiing: Gruppa syter sjølv for val av leiar og nestleiar for minimum eitt år av gongen og står sjølv for møteinnkalling og referat.

1.10 MØTEFREKVENS OG INNHOLD.

Til vanleg bør det vera minst 3 møte pr. semester. I særlege tilfelle kan det vera oftare møte.

Møta bør innehalda følgjende moment:

- Samhandlingsdel
- Drøftingsdel
- Læringsdel
- Ideutvekslingsdel

- Handsaming av saker – tilråding.

Styringsgruppa tar stilling til prosjekt/arbeidsoppgåver frå dei ulike undergruppene, og godkjenner eller ikkje godkjenner desse. Styringsgruppa tar og initiativ til nye prosjekt.

2.0 DAGLEG LEIAR

FOS har tilsett dagleg leiar som og fungerer som sekretær for styringsgruppa og dei andre undergruppene etter avtale. Storleiken på ressursen til dagleg leiar blir fastsett av Styringsgruppa – for tida ligg den på 80%. Dagleg leiar blir lønna etter avtale. For stillinga gjeld elles vanlege kommunale vilkår.

3.0 ÅRSMELDING OG HANDLINGSPLAN

Dagleg leiar utarbeider årsmelding for kvart skuleår for verksemda i FOS. Årsmeldinga saman med rekneskapsoversyn blir lagt fram for Styringsgruppa på siste møte før ferien. I samband med behandlinga av denne, drøftar Styringsgruppa strategiar og arbeidsoppgåver for året som kjem. Strategi og arbeidsoppgåver skal munna ut i ein handlingsplan for FOS neste skuleår. Handlingsplanen blir endeleg vedtatt på første møte etter ferien og skal vera retningsgivande for arbeidet i FOS

4.0 ØKONOMI

Dagleg leiar utarbeider kvart år budsjett for FOS si verksemd. Dette blir lagt fram for Styringsgruppa saman med rekneskap kvart år i juni. Fordeling av kostnader ved drifta av FOS blir fakturert 2 gonger pr år – i juni og desember. Elevantal i grunnskulen basert på GSI dannar grunnlag for fordelinga av utgiftene kommunane mellom. Vertskommunen får refusjon for at dei held kontor/sekretariat - tilsvarande 5% av løn til dagleg leiar. Denne summen blir fakturert saman med dei andre driftskostnadane for FOS.

5.0 UTMELDING OG OPPLØYSING

Dersom ein kommune i samarbeidet ynskjer å melda seg ut av av FOS, må dette meldast skriftleg til Styringsgruppa seinast eitt år på førehand. Utmelding kan berre skje ved årsskifte. Ved endeleg oppløysing, skal eventuelle overskotsmidlar fordelast forholdsmessig mellom dei kommunane som var medlem ved siste årsskifte før oppløysinga.

6.0 SAMARBEIDSFORA

6.1 [Fylkesmannen i Hordaland](#) (Utdanningsavdelinga)

- Deltaking i AU – leiar i Styringsgruppa. Vara: Nestleiar
- Deltaking i GLØD prosjektet – Leiar i barnehagegruppa. Vara: Nestleiar
- Økonomisk støtte til prosjekt i utdanningsregi.
- Invitera Utdanningsavdelinga til minst eitt møte i året.
- Fylkesmannen får kopi av alle innkallingar og møtereferat i FOS og kan møta etter avtale.

6.2 [Høgskulen Stord/Haugesund \(HSH\):](#)

- Følgja opp /revidera intensjonsavtalen
- Samarbeid om kurs og utarbeiding av nye tilbod.
- Deltaking i samarbeidsrådet samt andre rådsorgan
- Invitera HSH til å delta i dei lærande nettverka våre.
- HSH får kopi av alle innkallingar og møtereferat i FOS og kan møta etter avtale.

6.3 [Sogn regionråd](#)

- Følgja opp avtalen som blei inngått i våren 2015.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E-post:	Nettstad:
Postboks 40 5559 Sveio	53748091 95919091	53748001	32400887550	jan.enerstvedt@sveio.kommune.no	www.fos-sunnh.no

6.4 Vidaregåande skular:

- Følgja opp samarbeidet om utdanningsval – hospitering

6.5 Hordaland Fylkeskommune:

- Delta i samarbeid rundt Den kulturelle skulesekken (DKS) og Utdanningsval via Senter for Yrkesrettledning (SYR)


6.6 Syns- og audiopedagogisk teneste Hordaland (SAPT):

- Representera FOS i styret (styremedlem).

6.7 Statped:

- Følgja opp inngått avtale . I dette inngår m.a. organisering og gjennomføring av nettverk for PP tilsette.
- Dagleg leiar og 1 representant for styringsgruppa samt ein representant for PP-leiarforum har 2 årlege evalueringsmøte med representantar for Statped.

ORGANISASJONSKART FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND



Vedtatt i Styringsgruppa 2406.2016
Jan Enerstvedt, dagleg leiar